

Nordhordland Veteranbåtlag

Postboka 26

5991 OSTEREIDET

Kystverket Hovedkontor

Vår dato: 7 juli 2020

Sorenskriver Bulls gate 3

Postboks 1502, 6025 ÅLESUND

## Klage på vedtak – tillatelse til utviding av eksisterande flytebryggje – gnr-bnr 231-70, Bjørsvik, Alver kommune.

Viser til tillatelse fra Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS (BF IKS) datert 3 juli 2020, Dykkar ref. 2019/498998-11 ang. tillatelse til utviding av eksisterande flytebryggje.

Vi viser til vår merknad (vedlagt) datert 18.02.2020 adresert til Bergen og Omland Havnevesen når det gjeld manøvrering til og spesielt fra den kommunale kaien i Bjørsvik der DS Oster har sin faste både fortøyningsplass om sommaren og opplagsplass om vinteren. Dette er forhold som Alver kommune er vel kjende med. DS Oster har hatt denne kaien som fast plass sidan mars 1996.

Den 5 februar 2020 var det ei synfaring i Bjørsvik i anledning søknaden om utviding av flytebryggje. Der var representantar frå Alver kommune, Bjørsvik båtlag og i tillegg to medlemar av styret i Nordhordland Veteranbåtlag (NV) med. Desse var Odd Tepstad og Jakob Holme. Det var ingen skriftleg informasjon eller referat av resultatet etter synfaringa. Inntrykket som medlemene av styret i NV som var med på synfaringa sat att med var eit anna enn det som kom fram i godkjenningsrapporten frå Alver Kommune datert 12.02.2020.

Det første som Nordhordland Veteranbåtlag (NV) vidare vil gjere merksam på er formulering i Bergen Havn sitt vedtak av 3 juli 2020. Sitat: «*Med bakgrun i overnevnte vurderer BF IKS at omsøkt plassering av flytebryggen kan vanskeliggjøre tilkomst og bruk av kaien til vedkommende som har sendt inn merknaden, men kan ikke se at den «åpenbart» vil krenke tilflottsretten*».

DS Oster er eit fartøy som har spesielle manøvreringseigenskapar. Det er drive med damp og har omstyrbar maskin. Skipet har fast propell og «dreg» usedvanleg mykje med akterskipet når ein bruker maskinen akterover. Fartøyet har sjølvsagt ingen baugpropell. Baugen er i tillegg utforma under vatn slik at den skulle gjera isbryting mogleg i blant anna Mofjorden då Oster gjekk i ordinær rute. Dette gjer at baugen er serdeles utsett for avdrift sjølv ved lite vind.

Alle desse forhold gjer at DS Oster kan vera utfordrane å manøvrera ved kaier der plassen er liten. Bjørsvik er ein av dei kaiane. I Bjørsvik er det i tillegg utfordring å snu i havnebassenget ved lavvatn på grunn av lite djupne. Elveutløpet som kjem ut ved hjørnet der DS Oster ligg til kai kan og setja opp betydeleg straum i havnebassenget som kan vanskeleggjere manøver ut frå kai.

DS Oster vert forventa brukt ved arrangement både i offentleg og private tilhøve. Då vert det ofte spørsmål om Oster kan anløpa små kaier rundt om i distriktet. Dette er ofte nedlagte dampskipskaiar. Det er ved fleire av desse arrangert småbåthavner, utfylling i sjø, merking av badeplass og førtøyningsarrangement for fritidsbåter som direkte hindrar manøvrering til og spesielt frå kai. Eksempel på kai der DS Oster ikkje kan anløpe kan vera Kilstaumen bryggje. Og ofte er det stor overrasking frå dei som har ynskje om anløp at vi må sei nei pga utbyggjing av flytebrygger som direkte hindrar anløp. Vidare har ein ei rekkje kaier der det er svært begrensa med plass og som ein normalt anløper. Dette kan vera til dømes Stamnes, Sletta, Hosanger (Mjøsvågen) og Eknesvågen.

I det som ein kan finna av vurdering av tilfott forstår vi det slik at er det ingen lovfesta regel som styrer dette. Men det som står er at ingen kan avskjerast frå å koma til eigedommen sin med båt. Det står vidare at det er ei krenkjing av strandeigaren sin rett dersom nokon plasserer tilstellingar i sjøen som hindrar han å koma til eller **frå sin eigedom**.

**I vår merknad datert 18/2-2020 har vi skrive at dersom flytebryggja skal plasserast som omsøkt vil situasjonen verte endra. Då vil ikkje ein manøver ut frå kai kunna utførast med akseptabel risiko ved normale vind og straumforhold.**

**Når ein innretning er plassert slik at ein ikkje på normal måte kan manøvrera frå kai uten at det går ut over tryggleik for både DS Oster og båtane som ligg i flytebryggja meiner vi at tilfottsretten er krenka. Her kan ein og nevna sikkerheit for personar som måtte opphalda seg på og ved flytebryggja under ein manøver med DS Oster i havnebassenget.**

Kven som måtte ha ansvar og mynde til å justera dette veit vi ikkje. Men det er viktig at dei som skal bestemma i slike saker må vera oppmerksomme på alle forhold ved dei endringane dei er med på å godkjenne.

Som ei opplysing i denne saka gjorde NV eit arbeid for nokre år tilbake for å sikra ein betre navigasjon og manøvrering i havna i Bjørsvik. Då vart heile Bjørsvikvågen loddopp på nytt av sjøkartverket og på bakgrunn av dette vart det plassert ei jernstang på grunna ut forbi kommunekaien der DS Oster ligg. (Jernstanga står her på ca 1,6 m). Så vidt vi veit vart denne kosta av Bergen havn. Dette for å gjera manøvrering i havna sikrare og då spesielt ut frå kai. No er det er gjeve løyve til å justera flytebryggja i ein retning som direkte kjem i konflikt med manøvrering av DS Oster inne i dette trange havnebassenget. Det verkar på NV som uforståeleg.

Det er i mange si interesse å ta vare på kystkultur og vår historie. DS Oster er på sin måte eit «levande» museum. Dei som jobbar med DS Oster både med vedlikehald og seglas gjer dette utelukkande på dugnad. Då må dei rette i våre administrasjonar gjere sitt til at etablerte havneforhold vert teke tilstrekkeleg vare på. Og serdeles må dette gjelde der eit veteranskip som er verna har sin faste kai og opplagsplass.

Så vil NV til tillate seg å koma med forslag til korleis ein kan løysa ei utviding av flytebrygga Bjørsvik slik at dei to partane (Bjørsvik båtlag og NV) kan bruka den indre delen av Bjørsvikvågen på ein best mogleg måte.

Alt. 1 kan vera at ein forlengjer flytebrygga slik den ligg i dag uten å dreie den utover i vågen. Dette kan NV og DS Oster leva med.

Alt. 2 kan vera å mudra litt i den indre delen av vågen. Altså innafor eksisterande flytebrygge. Der kan ein leggja ut ei ny flytebrygge og plassera dei minste båtane der. (Robåtar og små båtar med påhengs). Så kan ein plassera dei større båtane i dagens flytebryggje som vert liggjande i same posisjon. Dette anser NV som den beste løysinga.

NV vonar at den rette myndigkeit ser at ein ved enkle justeringar kan tilfredstilla begge partar og at ein på den måten kan få det beste resultat for dei involverte.

Med helsing

På vegne av styret i

Nordhordland Veteranbåtlag.

Tor Johannes Bjørgås

Bjarte Hindenes

Styreleiar

Saksbehandlar.

**Vedlegg:** Merknad til søknad om utviding av flytebryggje i Bjørsvik, Alver kommune. (Daterd 18.02.2020)

**Sendt til:** Bergen og Omland Havnevesen, Postboks 6040, 5892 BERGEN.

**E-post:** hanne.gunnarskog@bergenhavn.no

**Kopi til:** Rådmann Alver Kommune, Kvernhusmyrane 41, 5914 ISDALSTØ.

**E-post:** post@alver.kommune.no

Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER. Saksnr: 2020/10107

**E-post:** fmvlpost@fylkesmannen.no